

Den kristne påskefeiringa



Påska er den viktigaste høgtida i kristendomen.

Ordet *påske* kjem frå det jødiske ordet *pesach*. Det er namnet på den jødiske påska.

For jødane er påska ei feiring til minne om at Moses førte dei ut av slaveriet i Egypt.

For kristne handlar påska om Jesu liding, død og oppstode.

Jesus var sjølv jøde. Den kristne påskeforteljinga startar med at Jesus og disiplane hans reiser til Jerusalem for å feire den jødiske påska.

Palmesøndag

På den tida Jesus levde, var Israel styrt av Romerriket. Jødane venta på ein konge som skulle fri dei frå romarane. Dei hadde lese at kongen skulle kome ridande på eit esel.

Då Jesus reid inn i Jerusalem for å å feire den jødiske påska, vart mange glade.

Dei var overbeviste om at Jesus var redningsmannen dei hadde venta på.

Folk hylla Jesus som ein konge. Dei stod langs vegen og vifta med palmegreiner. Dei ropa og song. Nokon la kapper på vegen framfor eselet.

Difor har denne dagen fått namnet palmesøndag.



Spørsmål til teksten:

1. Kvifor reiste Jesus og disiplane til Jerusalem?

2. Kven styrte over Israel på den tida Jesus levde?

3. Kva venta jødane på?

4. Kvifor vart Jesus hylla som ein konge?

5. Kva heiter dagen då Jesus reid inn i Jerusalem?

Skjærtorsdag

Kvar dag tala Jesus til folket. Han fekk stadig fleire tilhengjarar. Dei religiøse leiarane vart sjalue og sinte. Dei ønskte å bli kvitt Jesus.

Judas var ein av Jesus sine disiplar. Han gjekk til overprestane og sa at han kunne hjelpe dei med å fange Jesus. Dei ga han 30 sølvpengar.

Denne torsdagen samla Jesus disiplane for å ete eit påskemåltid. Under måltidet delte Jesus eit brød og fire beger vin. Jesus fortalde at ein av disiplane kom til å svike han.

Etter måltidet gjekk Jesus og disiplane til ein hage som heitte Getsemane. Der kom Judas og nokre soldatar. Dei arresterte Jesus og tok han med seg.



Spørsmål til teksten:

1. Kvifor ønskte dei religiøse leiarane å bli kvitt Jesus?

2. Kvifor gjekk Judas til overprestane?

3. Kva fortalde Jesus under påskemåltidet?

4. Kva skjedde då Jesus og disiplane kom til Getsemane?

Langfredag

Jesus vart sendt til landshøvdingen Pilatus. Han meinte at Jesus ikkje hadde gjort noko gale. Av frykt for å bli upopulær bestemte Pilatus at Jesus skulle krossfestast.

Før Jesus vart krossfesta, vart han piska av romerske soldatar. Deretter måtte han bere korset sitt gjennom byen til ein stad som heitte Golgata.

På Golgata vart Jesus krossfesta. To røvarar vart krossfesta saman med han.

Etter at Jesus var død, vart han teken ned frå krossen og lagd i ei grav. Ein stor stein vart rulla framfor inngangen. Soldatar vart sette til å passe på grava.

For kristne er langfredag ein dag prega av sorg.



Spørsmål til teksten:

1. Kvifor valde Pilatus å dømme Jesus til døden?

2. Korleis vart Jesus straffa før han vart krossfesta?

3. Kven vart krossfesta saman med Jesus?

4. Kvifor har denne dagen fått namnet langfredag?

Påskedag

Tre dagar seinare kom nokre kvinner til grava der Jesus var blitt lagd. Ei av dei var Maria Magdalena. Då dei kom fram, oppdaga dei at grava var tom.

Ein engel fortalde kvinnene at Jesus ikkje var der lenger. Han hadde stått opp frå dei døde.

Kvinnene sprang tilbake for å fortelje disiplane kva dei hadde sett. Seinare viste Jesus seg også for disiplane.

Første påskedag er ein av dei viktigaste dagane i kristendomen. Denne dagen feirar dei kristne Jesu oppstode.



Spørsmål til teksten:

1. Kva oppdaga kvinnene som kom til grava der Jesus var blitt lagd?

2. Kva fortalde engelen?

4. Kvifor er første påskedag ein av dei viktigaste dagane i kristendomen?
